

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

---

<b>Dato</b>	18.11.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/91124-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/881 - 22/8550
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - søknad om dispensasjon frå byggegrense - ny bygning - fv. 570 - gnr. 59 bnr. 19 - Masfjorden kommune

Vi viser til førespurnad frå Masfjorden kommune om uttale til søknad om dispensasjon frå byggegrense, datert 21.10.2022. Det er søkt om oppføring av garasje/uthus 17,5 meter frå vegmidte av FV 570 Austfjordvegen i Masfjorden. Byggegrensa i reguleringsplanen og i kommuneplanen er 30 meter.

Eigedomane er regulert som bustad i reguleringsplanen «Einestad bustadfelt» med planID 126620170001, vedteke 22.06.2017.

### Uttale

Det er bede om ein generell uttale for alle gbnr. langs vegen; 14, 18, 19, 20 samt 16 i samsvar med situasjonsplan som er lagt ved.

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 425. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse *Viktig hovudveg (regional og overordna)* funksjon jf. *Rammeplan 2021-2024*. Den seier at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 50 meter frå vegmidte, same som veglova seier. Det vil sei at på staden her er byggegrensa allereie sett ned 20 meter frå veglova.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for fleire eigedomar og vi meiner difor kommunen bør ta stilling til om dette skulle vore handsama som ein reguleringsplansending.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg er negative til dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplanen på staden. Vi meiner det viktig å halde på byggegrensa slik ho er regulert, mellom anna med bakgrunn i behov for utbetring av fylkesvegen og framføring av gang- og sykkelveg i samsvar med godkjent plan. Vi meiner ein må halde på byggegrensa som er sett til 30 meter.

Vi ber om å få tilsendt saka når ho er ferdig handsama.

Med helsing

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

